

Hepatitt A

Analysemetode

ELFA, VIDAS anti-HAV Total og anti-HAV IgM, bioMerieux

Indikasjon

Mistanke om akutt hepatitt A.


Hepatitt A immunstatus (inkludert vaksinasjon).

Prøvetaking

Serum, sjå [Serologiske prøvar – prøvetaking](#).

Prøvetakingsutstyr

Serumglas med gel



Prøvevolum

Må ha 250 µl, bør ha 500 µl.

Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

7 døgn. Eldre prøvar vurderast

Vurdering i laboratoriet

Anti-HAV total påviser både HAV IgG og HAV IgM.

Anti-HAV IgM kan påvisast i akutfasen av sjukdomen og minst 6 månader etter infeksjonen. Anti-HAV IgG er vedvarende antistoff mot hepatitt A-virus og kan påvisast etter infeksjon og aktiv immunisering. Er anti-HAV IgG til stades, indikerer dette immunitet.

Hepatitt A-vaksinasjon vil hos dei fleste gi positiv HAV IgG. Det er ikkje tilrådd å kontrollere antistoffrespons etter hepatitt A-vaksinasjon. Grunnar til dette er at grensene for beskyttande antistoffnivå etter hepatitt A-vaksinasjon ikkje er kjent, og at vaksinesvikt etter hepatitt A-vaksine førekjem svært sjeldent.

Anti-HAV total påviser både HAV IgG og HAV IgM. Negativt resultat tyder på at ein ikkje har aktuell eller gjennomgått hepatitt A eller er vaksinert. Positivt resultat indikerer aktuell eller

gjennomgått hepatitt A eller gjennomgått vaksinasjon. Ved positivt resultat og mistanke om aktuell infeksjon må ein supplere med HAV IgM.

Ved positiv reaksjon utan opplyst mistanke om akutt hepatitt vil ikkje HAV IgM bli utført, og positiv test oppfattast som uttrykk for gjennomført vaksinasjon eller tidlegare gjennomgått infeksjon.

Referanse: Folkehelseinstituttet smittevernbok: Hepatitt A - veileder for helsepersonell
<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/hepatitt-a---veileder-for-helsepers/>

Forventa analysetid

Hepatitt-analysane blir sett opp omlag to gonger i veka.

Feilkjelder

Utførast av

Serologisk fagområde

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

01.11.2017 Reidar Hjetland